



Norges Vassdrag- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Deres ref: Deres dato: Vår ref: Vår saksbehandler: Dato:  
24/41940 - 25/73161 Håkon Slutaas - 30.04.2025

## Fråsegn 201401566 - Volda kommune - høyring av revisjonsdokument for reguleringane i Mørevasdraget

Vi viser til brev frå NVE av 10.12.2024 om høyring av revisjonsdokumentet for reguleringa av Mørevasdraget i Volda kommune.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut i frå sitt ansvarsområde følgande merknadar:

### Vassforvaltning:

Møre og Romsdal fylkeskommune er vassregionmyndigheit i Møre og Romsdal vassregion og vedtek regional vassforvaltningsplan.

Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2022-2027 vart godkjent i Fylkestinget 07.12.2021 og av KLD 31.10.2022. Vassforvaltningsplanen skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i samsvar med pbl. § 8-2 og vassforskrifta § 29 miljømål fastsett i regional vassforvaltningsplan. Planen ligg [HER](#). Tiltak som kjem i konflikt med miljømål, må behandlast etter vassforskrifta § 12.

I vassforvaltningsplanen er Mørevasdraget prioritert for andre tiltak enn minstevassføring i planperioden. Vassdraget er prioritert for miljøforbetrande tiltak for fisk i planperioden 2022-2027. Dette er basert på miljøverdiane i vassdraget og kunnskapsgrunnlaget frå utarbeidinga av planen.

Miljøtilstanden på anadrom strekning nedstraums Kolfossen kraftverk (094-52-R), er moderat økologisk potensial. Miljømålet er sett til godt (GØP) med måloppnåing i 2027. Vassdraget er sett i kategori 2.1 i revisjonsrapporten utarbeidd av NVE og Miljødirektoratet (rapport 49/2013). Både Osdalsvatnet (094-1939-L) og Grøndalsvatnet (094-1940-L) er sterkt modifiserte vassførekomstar. Begge oppnår målet om GØP, men her er kunnskapsgrunnlaget dårleg.

Det er ikkje krav om minstevassføring. Vassdraget har ei anadrom strekning på cirka 7 km frå Voldsfjorden og opp til Kolfossen. Frå Kolfossen (naturlig vandringshinder) og ned til kraftverksutløpet er cirka 530 meter av elva tørrlagt, då regulant ikkje har krav til slipp av vatn. Bestandstilstanden er ifølge Vitenskapeleg råd for villaksforvaltning sett til svært dårleg for laks og dårleg for sjøaure.

Ål er påvist i Kolfosselva og det har truleg vore ål i Kalvassvatnet før utbygginga. På nordsida av Litlevatnet finns i tillegg Europas største lokalitet med padde og ein relativ stor bestand av buttsnutefrosk.

Det har vore enkeltepisodar med utfall av Kolfossen kraftverk som har medført at fisk har stranda. I 2016 fekk regulant installert ein omløpsventil med kapasitet på 200 l/s. Regulant er positiv til å formalisere ei minste-driftvassføring i Kolfossen kraftverk på 200 l/s. Regulant oppgir at det i dei fleste tilfelle vil vere vassføring på anadrom strekning som er mykje høgare enn ei eventuell minstevassføring.

Miljømål for sterkt modifiserte vassførekomstar skal fastsettast individuelt basert på samfunnsmessige fordelar og ulemper (kost/nytte) og på realistiske tiltak, dvs. positiv kost/nytte. Effekten som reguleringa, inkludert redusert vassføring, har på økologien i vassdraget er ein sentral del av kunnskapsgrunnlaget. Effekten av ei eventuell minstevassføring på økologien må utgreiast, kombinert med habitattiltak og miljødesign. Det er viktig med oppdatert kunnskap og det er derfor uheldig at revisjonsdokumentet er basert på nesten ti år gammalt kunnskapsgrunnlag. Skal miljømål og tiltak fastsettast i tråd med vassforskrifta må oppdatert kunnskap nyttast som grunnlag.

For anadrom fisk har NORCE gjennomført undersøkingar på ungfisk i 2020, habitatkartlegging av Kolfosselva i 2021 og gytefisk i 2022. NORCE har mellom anna vurdert strekning oppstrøms kraftverk til å ha eigna substrat både for gyting og oppvekst for fisk. Minstevassføring frå dam oppstrøms kraftverk bør derfor bli vurdert i dokumentet, då denne strekninga kan ha stor betydning for fiskeproduksjon i vassdraget. Effekten av ei eventuell minstevassføring på økologien må utgreiast. Her bør fleire sleppscenario utgreiast kombinert med habitattiltak og miljødesign. Kostnadane tiltaket utgjer i form av krafttap, om det kan gjennomførast økonomisk og teknisk, og om det går ut over den samfunnsnyttige bruken, må vidare inngå i vurderingsgrunnlaget.

Kraftverket ved Kolfossen stenger i dag for oppvandring av ål til Kalvassvatnet. Det vil vere positivt for ål å få ei minstevassføring frå dam, som då vil kunne komme seg opp til Kalvassvatnet.

**Friluftsliv:**

Vi ser at det i revisjonsdokumentet er merksemd rundt dei kartlagde og verdsette friluftslivsområda. Kartlegginga er gjennomført av Volda kommune i 2015. Det er viktig at det i revisjonen av vilkåra blir gjort vurderingar av korleis desse områda blir påverka og at nye vilkår ikkje forringa kvalitetane i desse. Spesielt gjeld dette for Fyrdselva som er ein del av Mørevassdraga med godt lakse- og aurefiske og registrert som svært viktig friluftslivsområde. Reguleringa vil også i periodar kunne påverke opplevingskvalitetane for friluftslivsbrukarane i områda rundt dei regulerte vatna. Spesielt gjeld dette om sommaren kor aktiviteten er størst.

**Oppsummering:**

- Det er positivt med tiltak som omløpsventil og minstevassføring som lagt fram i dokument.
- Det er uheldig at kunnskapsgrunnlaget er nesten ti år gammalt, og det må leggast stor vekt på ny kunnskap om vassdraget framskaffa av mellom anna NORCE.
- Miljøeffektar av forskjellige mengder vasslepp frå dam oppstrøms kraftverk kombinert med habitattiltak (miljødesign) og kostnadane dette utgjer i form av krafttap må utgjere grunnlaget for vidare vurdering av konsesjonsvilkår.

Med hilsen

Birgit Aarønæs  
seksjonsleiar

Håkon Slutaas  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*